




Budsjettdokument for Lom kommune



Gjestfri og nyskapande

Innhold:

Vurdering frå administrasjonssjefen	3
Innstilling frå budsjettutvalet	5
Økonomiske oversikter	13
Formannskapet - første gong	17
Formannskapet - andre gong	17
Kommunestyret sitt vedtak	18
Overordna styringssignal og utvikling	19
Overordna mål og strategiar	21
Handlefridom i økonomien -prioriteringar	22
Handlingsplan for tenesteområda	25

Toppbileta på framsida: Ola Gjeilo/Visus

Lom kommune
Midtgard
2686 Lom
Telefon: 6121 7300
Faks: 6121 7301
Epost: post@lom.kommune.no
<http://www.lom.kommune.no>

Lom kommune

Budsjett 2009

Økonomi- og handlingsplan 2010-2012

Innholdsliste

<table border="0"> <tr><td><u>1</u></td><td><u>Vurdering frå administrasjonssjefen</u></td><td style="text-align: right;"><u>3</u></td></tr> <tr><td>1.1</td><td>Forventningsgapet aukar</td><td style="text-align: right;">3</td></tr> <tr><td>1.2</td><td>Kraftprisar og utbytte</td><td style="text-align: right;">3</td></tr> <tr><td>1.3</td><td>Andre samarbeidsområde</td><td style="text-align: right;">3</td></tr> <tr><td>1.4</td><td>Resultatutvikling - målfokus</td><td style="text-align: right;">4</td></tr> <tr><td>1.5</td><td>Budsjettbalansen - framtidsutfordringar</td><td style="text-align: right;">4</td></tr> <tr><td><u>2</u></td><td><u>Innstilling frå budsjettutvalet</u></td><td style="text-align: right;"><u>5</u></td></tr> <tr><td>2.1</td><td>Budsjettprosessen</td><td style="text-align: right;">5</td></tr> <tr><td>2.2</td><td>Målsetjing med budsjettarbeidet</td><td style="text-align: right;">5</td></tr> <tr><td>2.3</td><td>Innstillinga</td><td style="text-align: right;">5</td></tr> <tr><td><u>3</u></td><td><u>Økonomiske oversikter</u></td><td style="text-align: right;"><u>13</u></td></tr> <tr><td>3.1</td><td>Investeringar og finansiering</td><td style="text-align: right;">13</td></tr> <tr><td>3.2</td><td>Driftsbudsjett</td><td style="text-align: right;">14</td></tr> <tr><td>3.3</td><td>Utvikling i lånegjeld</td><td style="text-align: right;">16</td></tr> <tr><td>3.4</td><td>Fondskapital</td><td style="text-align: right;">16</td></tr> <tr><td>3.5</td><td>Bruk av næringsfond</td><td style="text-align: right;">16</td></tr> <tr><td><u>4</u></td><td><u>Formannskapet - første behandling</u></td><td style="text-align: right;"><u>17</u></td></tr> <tr><td>4.1</td><td>Behandling</td><td style="text-align: right;">17</td></tr> <tr><td>4.2</td><td>Vedtak</td><td style="text-align: right;">17</td></tr> <tr><td><u>5</u></td><td><u>Formannskapet - andre behandling</u></td><td style="text-align: right;"><u>17</u></td></tr> <tr><td>5.1</td><td>Vedtak</td><td style="text-align: right;">17</td></tr> </table>	<u>1</u>	<u>Vurdering frå administrasjonssjefen</u>	<u>3</u>	1.1	Forventningsgapet aukar	3	1.2	Kraftprisar og utbytte	3	1.3	Andre samarbeidsområde	3	1.4	Resultatutvikling - målfokus	4	1.5	Budsjettbalansen - framtidsutfordringar	4	<u>2</u>	<u>Innstilling frå budsjettutvalet</u>	<u>5</u>	2.1	Budsjettprosessen	5	2.2	Målsetjing med budsjettarbeidet	5	2.3	Innstillinga	5	<u>3</u>	<u>Økonomiske oversikter</u>	<u>13</u>	3.1	Investeringar og finansiering	13	3.2	Driftsbudsjett	14	3.3	Utvikling i lånegjeld	16	3.4	Fondskapital	16	3.5	Bruk av næringsfond	16	<u>4</u>	<u>Formannskapet - første behandling</u>	<u>17</u>	4.1	Behandling	17	4.2	Vedtak	17	<u>5</u>	<u>Formannskapet - andre behandling</u>	<u>17</u>	5.1	Vedtak	17	<table border="0"> <tr><td><u>6</u></td><td><u>Kommunestyret sitt vedtak</u></td><td style="text-align: right;"><u>18</u></td></tr> <tr><td>6.1</td><td>Saksprotokoll i Kommunestyret 17.12.2008</td><td style="text-align: right;">18</td></tr> <tr><td><u>7</u></td><td><u>Overordna styringssignal og utvikling</u></td><td style="text-align: right;"><u>19</u></td></tr> <tr><td>7.1</td><td>Hovudpunkt i forslaget til statsbudsjett</td><td style="text-align: right;">19</td></tr> <tr><td>7.2</td><td>KS si uttale til statsbudsjettet</td><td style="text-align: right;">19</td></tr> <tr><td>7.3</td><td>Utvikling av folketalet</td><td style="text-align: right;">20</td></tr> <tr><td><u>8</u></td><td><u>Overordna mål og strategiar</u></td><td style="text-align: right;"><u>21</u></td></tr> <tr><td>8.1</td><td>Balansert målstyring (BMS)</td><td style="text-align: right;">21</td></tr> <tr><td>8.2</td><td>Kommunemålekart</td><td style="text-align: right;">21</td></tr> <tr><td><u>9</u></td><td><u>Handlefridom i økonomien - prioriteringar</u></td><td style="text-align: right;"><u>22</u></td></tr> <tr><td>9.1</td><td>Generelle økonomiske utfordringar</td><td style="text-align: right;">22</td></tr> <tr><td>9.2</td><td>Vurdering av økonomisk situasjon</td><td style="text-align: right;">24</td></tr> <tr><td><u>10</u></td><td><u>Handlingsplan for tenesteområda</u></td><td style="text-align: right;"><u>25</u></td></tr> <tr><td>10.1</td><td>Støttefunksjonen</td><td style="text-align: right;">25</td></tr> <tr><td>10.2</td><td>Skule</td><td style="text-align: right;">27</td></tr> <tr><td>10.3</td><td>Barnehage</td><td style="text-align: right;">29</td></tr> <tr><td>10.4</td><td>Miljø, teknisk, næring</td><td style="text-align: right;">31</td></tr> <tr><td>10.5</td><td>Kultur, informasjon og profilering</td><td style="text-align: right;">34</td></tr> <tr><td>10.6</td><td>Helse og velferd</td><td style="text-align: right;">35</td></tr> <tr><td>10.7</td><td>Institusjonsbasert omsorg</td><td style="text-align: right;">37</td></tr> <tr><td>10.8</td><td>Heimebasert omsorg</td><td style="text-align: right;">39</td></tr> </table>	<u>6</u>	<u>Kommunestyret sitt vedtak</u>	<u>18</u>	6.1	Saksprotokoll i Kommunestyret 17.12.2008	18	<u>7</u>	<u>Overordna styringssignal og utvikling</u>	<u>19</u>	7.1	Hovudpunkt i forslaget til statsbudsjett	19	7.2	KS si uttale til statsbudsjettet	19	7.3	Utvikling av folketalet	20	<u>8</u>	<u>Overordna mål og strategiar</u>	<u>21</u>	8.1	Balansert målstyring (BMS)	21	8.2	Kommunemålekart	21	<u>9</u>	<u>Handlefridom i økonomien - prioriteringar</u>	<u>22</u>	9.1	Generelle økonomiske utfordringar	22	9.2	Vurdering av økonomisk situasjon	24	<u>10</u>	<u>Handlingsplan for tenesteområda</u>	<u>25</u>	10.1	Støttefunksjonen	25	10.2	Skule	27	10.3	Barnehage	29	10.4	Miljø, teknisk, næring	31	10.5	Kultur, informasjon og profilering	34	10.6	Helse og velferd	35	10.7	Institusjonsbasert omsorg	37	10.8	Heimebasert omsorg	39
<u>1</u>	<u>Vurdering frå administrasjonssjefen</u>	<u>3</u>																																																																																																																													
1.1	Forventningsgapet aukar	3																																																																																																																													
1.2	Kraftprisar og utbytte	3																																																																																																																													
1.3	Andre samarbeidsområde	3																																																																																																																													
1.4	Resultatutvikling - målfokus	4																																																																																																																													
1.5	Budsjettbalansen - framtidsutfordringar	4																																																																																																																													
<u>2</u>	<u>Innstilling frå budsjettutvalet</u>	<u>5</u>																																																																																																																													
2.1	Budsjettprosessen	5																																																																																																																													
2.2	Målsetjing med budsjettarbeidet	5																																																																																																																													
2.3	Innstillinga	5																																																																																																																													
<u>3</u>	<u>Økonomiske oversikter</u>	<u>13</u>																																																																																																																													
3.1	Investeringar og finansiering	13																																																																																																																													
3.2	Driftsbudsjett	14																																																																																																																													
3.3	Utvikling i lånegjeld	16																																																																																																																													
3.4	Fondskapital	16																																																																																																																													
3.5	Bruk av næringsfond	16																																																																																																																													
<u>4</u>	<u>Formannskapet - første behandling</u>	<u>17</u>																																																																																																																													
4.1	Behandling	17																																																																																																																													
4.2	Vedtak	17																																																																																																																													
<u>5</u>	<u>Formannskapet - andre behandling</u>	<u>17</u>																																																																																																																													
5.1	Vedtak	17																																																																																																																													
<u>6</u>	<u>Kommunestyret sitt vedtak</u>	<u>18</u>																																																																																																																													
6.1	Saksprotokoll i Kommunestyret 17.12.2008	18																																																																																																																													
<u>7</u>	<u>Overordna styringssignal og utvikling</u>	<u>19</u>																																																																																																																													
7.1	Hovudpunkt i forslaget til statsbudsjett	19																																																																																																																													
7.2	KS si uttale til statsbudsjettet	19																																																																																																																													
7.3	Utvikling av folketalet	20																																																																																																																													
<u>8</u>	<u>Overordna mål og strategiar</u>	<u>21</u>																																																																																																																													
8.1	Balansert målstyring (BMS)	21																																																																																																																													
8.2	Kommunemålekart	21																																																																																																																													
<u>9</u>	<u>Handlefridom i økonomien - prioriteringar</u>	<u>22</u>																																																																																																																													
9.1	Generelle økonomiske utfordringar	22																																																																																																																													
9.2	Vurdering av økonomisk situasjon	24																																																																																																																													
<u>10</u>	<u>Handlingsplan for tenesteområda</u>	<u>25</u>																																																																																																																													
10.1	Støttefunksjonen	25																																																																																																																													
10.2	Skule	27																																																																																																																													
10.3	Barnehage	29																																																																																																																													
10.4	Miljø, teknisk, næring	31																																																																																																																													
10.5	Kultur, informasjon og profilering	34																																																																																																																													
10.6	Helse og velferd	35																																																																																																																													
10.7	Institusjonsbasert omsorg	37																																																																																																																													
10.8	Heimebasert omsorg	39																																																																																																																													

1 Vurdering frå administrasjonssjefen

1.1 Forventningsgapet aukar

Frå sentralt hald er det presentert at den økonomiske handlefridomen i norske kommunar er styrka i framlegg til budsjett for

2009. Dette er ein situasjon som ikkje kjem til uttrykk i Lom kommune. Dette er det fleire årsaker til. Eg vil nemne nokre.

Lønsoppgjjer, pensjon og frie inntekter

Effekten av lønsoppgjret er høgare enn føresetnaden. Lønsvekst frå budsjett 2008 til budsjett 2009 viser ei auke på 9,4 %. Vekst i frie inntekter for kommunen i framlegg til statsbudsjett er på 7,1 %. Til det siste er det grunn til å understreka det usikre knytt til eigen skatteinngang og total

skatteinngang på landsbasis. Utviklingstrekk i seinare tid sannsynleggjer ein betydeleg svekka skatteinngang både i eigen kommune og på landsbasis. Finanskrisa vil forsterke dette. Det er og usikre pensjonsutgifter som følgje av reduksjon i verdipapirportefølja hjå pensjonsleverandørane.

Kampen om arbeidskraft

Som følgje av ein periode med oppgang og sterk etterspurnad har kampen om arbeidskrafta spissa seg til. Det har ført til at kommunane i mange samanhengar har fått

problem med å rekruttere medarbeidarar på fleire nivå. Dette har definitivt vore med på å auke lønsutvikling utover det som er forventa.

Renteutvikling

Som følgje av finanskrisa, som står fram som ei utfordring verda ikkje har sett maken til sidan 30-åra, har prisen på kreditt auka betydeleg. Risikotenkjing og redusert risikovilje har ført til stigande rente. Dette har kommunen vore nødt til å ta inn i sine

budsjettføresetnader. Det er likevel von om at effekten av finanskrisa vil føre til rentenedgang i nær framtid. Denne utviklinga er framleis for usikker til at effekten kan takast med i våre budsjettføresetnader.

1.2 Kraftprisar og utbytte

Prisen for sal av konsesjonskraft i 2009 var spesielt høg. Vi har og etter kvart etablert eit høgare nivå når det gjeld aksjeutbytte frå Eidefoss inn i drifta vår. Administrasjonssjefen har ved kvart høve peika på kor sårbare vi er ved reduksjon og svikt i desse inntektene i og med at vi foreslår å ta full effekt av dette inn i drifta.

Som følgje av finanskrisa har og prisane i kraftmarknaden og råvarebørsane gått betydeleg ned. I skrivande stund vil sal av konsesjonskraft for åra 2010 – 2012 utgjera om lag 3,5 mill kroner mindre i årleg inntekt. Utbytte frå Eidefoss er og avhengig av deira årsresultat.

1.3 Andre samarbeidsområde

Kommunen er ein del av interkommunale og regionale samarbeidstiltak. Vi har og avtaler med andre som forutset og forpliktar kommunen i økonomiske overføringar.

Administrasjonssjefen ynskjer fokus på desse områda slik at kommunen er trygg på at økonomiske overføringar til desse er i takt med utvikling av eigen kommuneøkonomi.

1.4 Resultatutvikling - målfokus

Gjennom balansert målstyring er det etablert eit system som gjev kommunen relevant og viktig informasjon. Det blir og definert målsettingar som organisasjonen blir målt på. Vi har dokumentert gode resultat på fleire område. Vi har og dokumentert at resultatane ikkje er ein direkte konsekvens av ressurstilgang på det enkelte område. I dette

arbeidet er det ei stor utfordring å finne eit optimalt nivå for ressurstildeling i høve til resultat. Balansert målstyring er eit slik hjelpemiddel. Det er framleis ein veg å gå for å få tilstrekkeleg fokus på målsettingar og målekarta. Når det gjeld nivået på målsettingane så blir desse vurdert til å vera meir realistiske enn ved førre budsjettvedtak.

1.5 Budsjettbalansen - framtid utfordringar

Administrasjonssjefen er glad for at budsjettutvalet har tatt inn over seg totalsituasjonen i kommunen. Ut frå det blir det forventa at det blir gjort grep som gjer grunnlaget for vidare utvikling av Lom kommune best mogleg. Budsjettutvalet har arbeidd med å nå målsettinga om netto driftsresultat på 3 %, men har vald å legge fram eit budsjett som ikkje er på det nivået. Grunngevinga er at det er ynskje om å bruke meir tid for å gjera nødvendige vurderingar. Med dei utviklingstrekkane ein ser og dei utfordringane kommunen har både på drifts- og investeringsområdet, må det skje snarast.

Tidlegare avsetningar på fond er gjort for å imøtekoma nye og uventa utgifter.

Delar av desse fonda vart nytta i 2008, og handlefridomen er derfor redusert. Gjennom økonomiplanen er det synleggjort at det må gjerast strategiske grep for vidareføring av eit godt tenestetilbod og samtidig skape rom for nye tiltak, både innafor drift og investeringar. Sjølv grunnlaget for dette må leggjast gjennom drift av kommunen, og ved eit fornuftig nivå på netto driftsresultat.

Situasjonen krev at ein framleis har kontinuerleg vurdering av budsjett, og at behovet for justering må kartleggjast tidleg. Utviklingstrekkane og at vi i så stor grad er sårbare i høve til lånegjeld, rentenivå og kraftinntekter, har fleire gonger vore understreka frå administrasjonssjefen.

2 Innstilling frå budsjettutvalet

2.1 Budsjettprosessen

Budsjettutvalet har fått ansvar for å leggja fram forslag til budsjett og økonomiplan for 2009 – 2012 til formannskapet.

Budsjettutvalet har vore sett saman av:

Håkon Kolden (SP), leiar
Odd Arne Kroken (SP), nestleiar
Torbjørg Graffer Myrhaug (SP)
Anne-Lise Marstein (AP)
Mai Bakken (BL)

Utgangspunktet for budsjettet har vore vidareføring av budsjett for 2008.

Budsjettutvalet har fått oversikt over nye tiltak og innsparingstiltak frå tenesteområda i kommunen. Referat frå møta er sende medlemmane, ordførar, tenesteleiarane og

administrasjonssjefen.

Statsbudsjettet vart lagt fram 7. oktober.

Balansert målstyring, KOSTRA – tal, statusdokument og strategikonferansen, ”Lom 2020” og gjeldande økonomiplan har vore utgangspunktet for arbeidet i Budsjettutvalet. I budsjettarbeidet for 2008 kom det fram at det var behov for innsparingar. Dette har vore drøfta i arbeidsmøte i kommunestyret. Innsparingstiltak tilsvarande ca 5,0 mill kroner er naudsynt for å kunne innfri investeringsbehov og andre tiltak framover. For å nå dette er det skissert ei målsetting av netto driftsresultat på 3 %.

2.2 Målsetjing med budsjettarbeidet

I arbeid med budsjettforslaget har m.a. følgjande vore lagt vekt på:

- Oppretthalde tenestetilbodet
- Økonomisk handlefridom, ikkje auke lånegjelda utover det som kom fram

av økonomiplanen for 2008 – 2011

- Prioritering av lovpålagte oppgåver
- Imøtekoma målsetjingar i overordna planar og vedtak
- Netto driftsresultat på minimum 3 %

2.3 Innstillinga

2.3.1 Føresetnader for budsjettet

- Arslønsvekst på 3,1%.
- Ordinære pensjonskostnader til KLP med 16,15 %
- Ordinære pensjonskostnader til STP med 11,2 %
- Kostnader til AFP er reelt budsjettert
- Arbeidsgjevaravgift med 6,4 %
- KS prognosemodell er nytta til vurdering av frie inntekter (skatt og rammetilskot).
- Innskotsrente på 5 % og renter/avdrag basert på nedbetalingsplan frå långevar
- Inntekter frå sal av konsesjonskraft budsjettert i samsvar med inngått kontrakt 2009
- Eidefossutbytte på kr. 9,0 mill.
- Skjønstilskot frå Staten til barnehagane på kr. 1.200.000.

2.3.2 Driftsinntekter - forslag til satsar for 2009

2.3.2.1 Skattevedtak

Forskot på skatt i 2009 vert skrive ut med maksimalsatsen som blir vedteken i Stortinget. I medhald av eigedomsskattelova §§ 3 og 4 vert eigedomsskatt, som er vedteken av

kommunestyret i sak 125/75, i Fossbergom, samt på verker og bruk utanfor området, vidareført i 2009. Eigedomsskatt blir utskriven med kr 7 for kvar tusen kroner i takstverdi.

2.3.2.2 Leige for kommunale bustader

Leiga for kommunale bustader blir foreslått endra med 5,0 % i 2009.

2.3.2.3 Satsar for musikk- og kulturskulen

Satsane for musikk- og kulturskulen blir foreslått endra:

- Eineundervisning: kr 1800 pr år (Gjeldande sats kr 1600 pr år)
- Syskenmoderasjon: 1. barn 40 %
2. barn 50 %
- 2. instrument: 40 % (moderasjon)
- 3. instrument: 50 % (moderasjon)
- Gruppeundervisning/dans og drama/formgjeving: kr 900 (gjeldande sats kr 800)

2.3.2.4 Satsar for skulefritidsordninga

Satsane for Skulefritidsordninga blir foreslått endra:

- frå 6 timar t.o.m. 9: kr 800 pr. mnd (Gjeldande sats kr 800)
- frå 10 timar t.o.m. 14 timar: kr 1 100 pr mnd (gjeldande sats kr 800)
- frå 15 timar og meir: kr 1 400 pr mnd (gjeldande sats kr 1150)
- timesats: kr 50 (gjeldande sats 40 kr)

2.3.2.5 Satsar for barnehagen

Satsane i Barnehagen blir foreslått endra:

5 dagar kr 2.330 (maksimalsats),
4 dagar kr 2.000 (gjeldande sats kr 1.880),
3 dagar kr 1.550 (gjeldande sats kr 1.430),
2 dagar kr 1.100 (gjeldande sats kr 980).

Einskild dag kr 200. Krav om maksimale satsar for foreldrebetaling blir kompensert med auka refusjon frå staten. Regjeringa føreset vidareføring av maksimalsatsen.

2.3.2.6 Opphald på helseheimen

Uendra (i.h.t. Rundskriv I 47/98 frå Helse og Sosialdepartementet).

2.3.2.7 Husleige trygdebustad, alderspensjonat og omsorgsbustad

Husleiga blir foreslått auka med 5 %.

2.3.2.8 Heimehjelp

Satsane for heimehjelp er foreslått endra:

Satsar for 2009 pr. mnd.:

Inntil 2G	Kr. 150
Mellom 2G og 3 G	Kr. 515 (gjeldande sats kr 490)
Mellom 3G og 4 G	Kr. 740 (gjeldande sats kr 705)
Mellom 4G og 5 G	Kr.1.080 (gjeldande sats kr 1.030)
Over 5G	Kr.1.535 (gjeldande sats kr 1.460)

Reglane for heimebaserte tenester er heimla i Forskrift om vederlag for sosiale tenester.

2.3.2.9 Ambulerande vaktmeister

Prisen for ambulerande vaktmeister blir foreslått endra frå kr 100 pr. time til kr 110 pr time.

2.3.2.10 Tryggleiksalarm

Tryggleiksalarm blir foreslått endra frå kr 60 pr. måned til kr 70 pr måned.

2.3.2.11 Middag levert i heimen

Middag levert i heimen blir foreslått endra frå kr 55 til kr 60 pr middag.

2.3.2.12 Fellingsavgift

Fellingsavgiftene blir foreslått vidareført frå vedtaket for 2006 og er som vist nedanfor:

Elg:	Vaksne dyr	kr 420	Kalv	kr 200
Hjort:	Vaksne dyr	kr 320	Kalv	kr 160

Inntektene blir avsette på kommunalt viltfond.

2.3.3 Overføringer til andre

2.3.3.1 Regionrådet

Tilskot til Regionrådet er budsjettert med kr 552.000 mot kr 393.000 for 2008. Beløpet inkluderer delprosjekt som Regionrådet arbeider med. Finansiert frå næringsfondet.

2.3.3.2 Revisjon og kontrollutval

Revisjon og kontrollutval er budsjettert med kr 501.000 mot kr 437.000 for 2008.

2.3.3.3 Lom veksthus

Tilskot til Lom Veksthus er budsjettert med kr 100.00, det same som for 2008. Finansiert frå næringsfondet.

2.3.3.4 Jotunheimen Reiseliv AS

Tilskot til Jotunheimen Reiseliv AS er budsjettert med kr 650.000, det same som for 2008. Finansiert frå næringsfondet.

2.3.3.5 Organisasjonar og andre innan kultur

Tilskot til organisasjonar og andre innan kultur er budsjettert med kr 853.000 inkludert kr. 495.000 til idrettsformål.

2.3.3.6 Lom kyrkjelege råd

Tilskot til Lom kyrkjelege råd er budsjettert med kr 1.557.000, inkludert kr 157.000 for levering av tenester, kr 1.325.000 for 2008.

2.3.3.7 Gudbrandsdalsmusea A/S

Overføring til Gudbrandsdalsmusea AS er budsjettert med kr 148.000, jf avtale.

2.3.3.8 Nord-Gudbrandsdal Bedriftshelseteneste

Kjøp av tenester frå Nord-Gudbrandsdal Bedriftshelseteneste er budsjettert med kr. 104.000, mot kr. 145.000 i 2008.

2.3.3.9 Lom friviljugsentral

Tilskot til Lom Friviljugsentral er budsjettert med kr 68.000, i tillegg til dette kjem tenesteyting med kr 125.000, totalt kr.193.000. Tilsvarende beløp i 2008 var kr 68.000 i tilskot, 25.000 i psykiatrimiddel og kr. 90.000 i tenesteyting, tilsaman kr. 183.000. Tildeling av psykiatrimiddel vert teke ut frå 2009.

2.3.3.10 Landbruksvikar

Satsar ved bruk av landbruksvikar: Etter avtale med Lom Avløysarlag

2.3.3.11 Godtgjersle til folkevalde

Godtgjersle til folkevalde følger det til kvar tid gjeldande reglement.

2.3.3.12 Delegasjon - høve til å fastsette detaljert budsjett

Kommunestyret delegerer til Formannskapet å fastsette detaljert budsjett i samsvar med paragraf 11 i budsjett- og rekneskapsforskriften.

2.3.3.13 Fullmakt til administrasjonssjefen

Administrasjonssjef får fullmakt til å saldere budsjett 2009 og økonomiplan 2010 – 2012 ved å justere avsetjing til disposisjonsfond.

2.3.4 Budsjett gruppeart og ansvar

	Budsjett gruppeart og ansvar	Budsjett (opphaveleg) 2008	Budsjett 2009
Grp.	Ansvar: 01 Støttefunksjonen		
10	Lønsutgifter	9 348 749	10 399 264
11	Kjøp av varer og tenester	6 034 900	693 971
13	Kjøp av tenester frå andre	7 399 000	2 700 000
14	Overføringar	1 489 860	1 680 860
15	Finansutgifter/transaksjonar	26 505 000	29 459 761
16	Salsinntekter	-1 035 000	-15 342 500
17	Refusjonar	-8 043 843	-8 835 674
18	Overføringar	-110 222 100	-100 238 400
19	Finansinntekter/transaksjonar	-23 154 744	-24 292 921
	Sum grp. Ansvar: 01 Støttefunksjonen	-91 678 178	-103 775 639
Grp.	Ansvar: 02 Skule		
10	Lønsutgifter	25 357 793	26 974 942
11	Kjøp av varer og tenester	5 452 693	7 263 906
13	Kjøp av tenester frå andre	1 445 000	1 450 000
14	Overføringar	1 128 102	1 180 789
15	Finansutgifter/transaksjonar	125 000	125 000
16	Salsinntekter	-952 000	-993 000
17	Refusjonar	-2 602 538	-2 621 162
	Sum grp. Ansvar: 02 Skule	29 954 050	33 380 475
Grp.	Ansvar: 03 Barnehage		
10	Lønsutgifter	8 875 865	10 016 872
11	Kjøp av varer og tenester	604 019	1 185 666
14	Overføringar	71 000	184 100
16	Salsinntekter	-1 937 100	-2 278 000
17	Refusjonar	-5 825 000	-6 810 000
	Sum grp. Ansvar: 03 Barnehage	1 788 784	2 298 638
Grp.	Ansvar: 04 Miljø, teknisk, næring, kultur		
10	Lønsutgifter	10 424 015	11 450 538
11	Kjøp av varer og tenester	6 935 858	7 769 141
13	Kjøp av tenester frå andre	4 170 600	4 831 862
14	Overføringar	4 555 925	4 360 725
16	Salsinntekter	-8 498 000	-10 149 000
17	Refusjonar	-4 287 879	-4 061 969
18	Overføringar	-211 000	-759 862
19	Finansinntekter/transaksjonar	-2 479 000	-2 553 656
	Sum grp. Ansvar: 04 Miljø, teknisk, næring, kultur	10 610 519	10 887 779

Innstilling frå budsjettutvalet

	Budsjettpart og ansvar (held fram)	Budsjettpart (opphaveleg) 2008	Budsjettpart 2009
Grp.	Ansvar: 06 Helse og velferd		
10	Lønsutgifter	11 890 436	12 983 441
11	Kjøp av varer og tenester	4 439 100	3 106 250
13	Kjøp av tenester frå andre	388 750	449 000
14	Overføringar	1 534 200	1 267 800
15	Finansutgifter/transaksjonar	230 000	163 000
16	Salsinntekter	-2 647 000	-2 847 000
17	Refusjonar	-5 629 000	-1 711 652
18	Overføringar	0	-281 000
19	Finansinntekter/transaksjonar	-200 000	-70 000
	Sum grp. Ansvar: 06 Helse og velferd	10 006 486	13 059 839
Grp.	Ansvar: 07 Institusjonsbasert omsorg		
10	Lønsutgifter	21 575 336	23 386 349
11	Kjøp av varer og tenester	4 305 200	5 985 859
13	Kjøp av tenester frå andre	403 000	413 000
14	Overføringar	928 500	970 000
16	Salsinntekter	-4 390 000	-4 338 000
17	Refusjonar	-560 000	-1 144 000
	Sum grp. Ansvar: 07 Institusjonsbasert omsorg	22 262 036	25 273 208
Grp.	Ansvar: 08 Heimebasert omsorg		
10	Lønsutgifter	17 287 094	18 437 729
11	Kjøp av varer og tenester	1 823 209	2 673 271
13	Kjøp av tenester frå andre	70 000	90 000
14	Overføringar	322 000	320 200
16	Salsinntekter	-1 453 000	-1 555 500
17	Refusjonar	-993 000	-1 090 000
	Sum grp. Ansvar: 08 Heimebasert omsorg	17 056 303	18 875 700
	T o t a l t	0	0

2.3.5 Behandling i budsjettutvalet

Det vart halde dialogkonferanse for kommunestyre, tillitsvalde og leiargruppa i august, der resultat frå brukar- og medarbeidarundersøkingar vart gjennomgått.

Budsjettutvalet hadde elles ein gjennomgang av KOSTRA – tal i budsjettutvalsmøte. Lom sine prioriteringar av forskjellige tenesteområde vart gjennomgått og samanlikna med same kommunegruppe, gjennomsnittet for Oppland og andre samanliknbare kommunar frå Gudbrandsdalen. Det kom fram av dette at barnehagen i Lom har hatt mindre ressursar samanlikna med gjennomsnittet for Oppland. Det kom elles fram at grunnskulen i Lom har vore høgt prioritert, og har hatt ressursar utover det som er gjennomsnittet for Oppland og andre samanliknbare kommunar. Pleie- og omsorg i Lom har elles vore høgt prioritert og ligg over dei fleste kommunar det er naturleg å samanlikne seg med og gjennomsnittet for vårt fylke.

Driftsutgifter til kommunehelsetenesta ligg over gjennomsnittet for kommunegruppa og gjennomsnittet for Oppland. Barnevern og sosialtenesta har utgifter som ligg under det vi kan sjå i andre kommunar og gjennomsnittet for Oppland fylke.

KOSTRA – tal er indikatorar, som kan seie noko om kvar det kan vera bl.a. innsparingspotensiale. Det kan ligge forskjellige føresetnader bak tala, slik at desse ikkje kan lesast som ”fasit” på at ”slik er det”. Vurderingar og analyser må gjerast. Tala er eit godt hjelpemiddel i analyse av den verkelege tilstanden.

Utfordringar/tiltak frå dei einskilde tenesteområda *) er overleverte Budsjettutvalet. Utvalet har arbeidd spesielt i forhold til utfordringar innan Heimebasert Omsorg, psykiatri innan Helse og velferd og krav etter tilsyn frå Fylkesmannen om auka

administrative ressursar innan tenesteområde Barnehage. Utfordringane innan desse områda ligg spesielt på bemanning.

Stillingsressursen innan Helse og velferd, psykiatri har vore handsama i Administrasjonsutvalet.

Stillingsressursen innan Heimebasert omsorg har vore drøfta i i formannskap og kommunestyre gjennom 2008, seinast i budsjettjusteringssaka.

Budsjettutvalet ser utfordringane som er på områda, men finn likevel ikkje å kunne auke rammene tilsvarende stillingsressursen. Omsorgsområda har signalisert innsparingstiltak som ikkje er tekne inn i budsjett, og budsjettutvalet meiner at tenesteområda har fullmakt til å ta dei naudsynte omprioriteringar.

Utvalet vel elles å sjå på styrking av administrative ressursar innan tenesteområde Barnehage i samanheng med evaluering av administrativ organisering.

Budsjettutvalet har hatt tenesteområda sine rammer som eit overordna fokus. Om det ikkje vert gjeve rammer som kan tilfredsstille dei einskilde utfordringane, er det opp til tenesteområda å ta dei naudsynte omprioriteringane.

Budsjettutvalet har signalisert auka rammer til tenesteområde Barnehage. Dei andre tenesteområda har kome, med eller er bedne om, å ta innsparingstiltak.

Etter innspel frå administrasjonen er det og peikt på mogleg innsparing ved eventuelt å oppheve ordninga med etablerartilskot til unge etablerarar, samt tilskot til brøyting og vedlikehald av private vegar. Budsjettutvalet har vurdert innspelet, men ser for seg at spørsmåla kjem opp som eigne saker.

*) *Innspela til budsjettet frå tenesteområda er tilgjengelege på Servicetorget.*

2.3.5.1 Gjennomgang av nokre tiltak

Budsjettutvalet har arbeidd etter ei målsetting om å nå eit netto driftsresultat på 3%. Med utgangspunkt i budsjettsituasjonen for 2008, vart tenesteområda bedne om å koma med forslag til innsparingstiltak, tilsvarande 2% av driftsramma. Fyljande innsparingsbeløp vart presenterte for Budsjettutvalet:

- | | |
|--------------------|--------------------|
| • Støttefunksjonen | kr 200.000 |
| • Skule | kr 600.000 |
| • Barnehage | kr 210.000 |
| • MTN | kr 800.000 |
| • HV | kr 200.000 |
| • Omsorg | kr 800.000 |
| | <u>= 2.800.000</u> |

Innsparingstiltaka inkluderte og auke i tenesteområda sine inntekter.

Etter drøftingar av tenesteområda sine forslag om rammereduksjonar, vart det bede om fleire innspel frå administrasjonen.

På bakgrunna av dette vurderte utvalet desse innsparingstiltaka:

- Støttefunksjonen, innsparing kr - 360 000
- MTN, innsparing kr - 360 000
- HV, innsparing kr - 289 000
- Biblioteket i Garmo vert føreslege lagt ned frå 2009, innsparing ca kr 50 000.

I tillegg har HV gjennomført ei innsparing på ytterlegare kr 200 000 og tenesteområdet Skule ei innsparing på kr 100 000 i sine budsjettforslag.

Budsjettutvalet drøfta forslag som var kjent frå Skuleutvalet sin konklusjon. Det var elles vurdert om ev flytting av klasser frå Garmo til Loar burde gjerast frå hausten 2009. Fleirtalet i Budsjettutvalet (SP 3 rep) vil ikkje ta med nedlegging av skulen i Odda, og flytting av 5. – 7. klasseteg på Garmo skule til Loar skule i budsjettet for 2009.

Mindretalet i budsjettutvalet (representantane frå AP og BL) gjekk inn for nedlegging av Odda skule frå hausten 2009, og flytting av 5-7 trinn frå Garmo til Loar skule frå hausten 2010. Dette er m.a. med utgangspunkt i innstillinga frå saksutval for skule og grunngeve med å nå målsettinga om eit netto driftsresultat på 3%.

Det var elles drøfta å justere kravet til netto driftsresultat på 3 % til t.d. 2 %, med føremål

å sikre ei grundigare sakshandsaming av innsparingsforslag og med det føremålet å opprette krav til netto driftsresultat på 3 % frå 2010.

Oppsummering av tiltak:

Støttefunksjonen:

- Reduksjon av lærlingeordning
- Reduksjon av It – budsjettet, vedlikehald av utstyr
- Informasjonstiltak vil verta redusert

Skule:

- Reduksjon av rammetimetall ved Odda skule
- Nedlegging av biblioteket i Garmo

Barnehage:

- Auka rammer til saman 230 000 kr er ikkje nok til å imøtekoma kravet etter tilsyn frå Fylkesmannen om auka administrative ressursar

Miljø, teknisk, næring og kultur

- Svekkja service til publikun ved stenging av offentleg toalett ved Gamle Loar og redusert drift og rydding i sentrum
- Gatelys vert slått av om natta
- Vedlikehald av flaumverk takast inn som investering etter behov

Helse og velferd

- 10 % ledig stillingsressurs innan ergoterapi blir stilt i vakanse
- Veiehjelp ved barnekontrollar ved Helsestasjonen vert teke burt, ca 8 % stilling – ikkje fast tilsette i stillinga
- Midlar til Fysak fell burt
- Overføringar til Friviljugsentralen, blir oppretthalde, men psykiatrimiddel fell burt – kr 25 000
- Reduksjon i talet på tilmeldte i Bedriftshelsetenesta

Omsorg:

- Heimebasert omsorg har bemanningsmessige utfordringar som er drøfta i Formannskapet og Kommunestyret i 2008.
- Ved auke på kr. 200 000 og ved omprioriteringar innan omsorg kan tenesteområda imøtekoma desse utfordringane.

Utvalet meiner at administrasjonen bør vurdere familiebarnehage i Odda frå hausten 2009.

2.3.5.2 Investeringsbudsjettet

I utgangspunktet ynskte Budsjettutvalet å ha eit investeringsfritt år i 2009. Det er likevel enkelte område som bl.a. av branntekniske årsaker må ha ei oppgradering, og det kan vera endre behov ut frå lover/forskrifter som gjer at investeringar må takast i det komande budsjettår. Forslaget til investering av ny heimeside for kr 150 000 dekkjer ei

minimumsløysing. Det vil vera lønnsamt med eit skifte, da ny løysing vil vera inntent på 2 år (lågare drifts- og vedlikehaldskostnader).

Det vert vist til tabelloppsett under punkt 3.1., der føreslegne investeringar for 2009 og i økonomiplanperioden er vist.

2.3.5.3 Driftsbudsjettet

Forslag frå Budsjettutvalet:

- Støttefunksjonen, innsparing kr - 360 000
- MTN, innsparing kr - 360 000
- HV, innsparing kr - 289 000
- Biblioteket i Garmo vert føreslege lagt ned frå 2009, innsparing ca kr 50 000.

I tillegg har HV gjennomført ei innsparing på ytterlegare kr 200 000 og tenesteområdet Skule ei innsparing på kr 100 000 i sine budsjettforslag.

- Omsorg: Det blir lagt opp til ei auke i rammer på kr 200 000.
- HV: det blir lagt opp til ei auke i rammer på kr 125 000 for å dekkje behov innan psykiatri.

- Hamsunjubileet får ei løyving på kr 100 000 for 2009.
- Til miljøsertifisering vert det løyvd kr 50 000 for 2009.
- Akuttmottak for voldtektsutsette vert løyvd kr 30 000.
- Barnehagen får ei auke i ramma på kr 130 000.
- Kravet om styrarstilling ved Loar barnehage vel Budsjettutvalet å ta stilling til saman med vurdering av administrativ organisering.
- Kyrkjeleg råd får ei auke på kr 150 000 i driftstilskot for 2009.
- Det er forslag om å auke ulike gebyr (sjå kap. 2.3.2), og det er budsjettert med ei auke på ca 1,7 mill kr i gebyr innan VAR – området.

2.3.5.4 Økonomiplanperioden

Budsjettutvalet tilrår at bygging av nytt helsesenter vert utsett til 2010. Dette blir gjort ut frå den budsjettmessige situasjonen for 2009.

Innskrenkingar i 2010

Situasjonen er slik at det meste frå sal av kraft og utbytte blir brukt til finansiering av drift i 2009. Dette fortel oss at driftsnivået må vurderast, og reduserast, slik at driftsnivået blir tilpassa kommunen sine inntekter og naudsynte økonomiske resultat framover. På grunn av situasjonen på finansmarknaden er det usikkerheit til kva ein kan rekne med av utbytte og inntekter framover. Prognoser for kraftinntekter viser og ein synkande tendens.

Dette tilseier at ytterlegare innsparingstiltak bør gjerast.

For å nå målet om 3 % netto driftsresultat i økonomiplanperioden er det registret eit innsparingsbehov på kr 2, 3 mill "flatt" frå 2010 og ut perioden. Dette er under føresetnad av at kraftinntektene og utbytte frå AS Eidefoss vert på same budsjetterte nivå. Det er gjennomført innsparingar i budsjettet for 2009 på kr 1, 060 mill. Det er elles auka inntekter med ca kr 340 000 med tillegg av gebyr innan vatn og avlaup på kr 1, 7 mill. For å redusere usikkerheit til dei kraftrelaterte inntektene bør ei innsparing utover kr 2,3 mill gjennomførast.

3 Økonomiske oversikter

3.1 Investeringar og finansiering

Investering og finansiering	2009	2010	2011	2012
Investering:				
Heimeside	150 000	0	0	0
Vaktsentralen strømagregat	187 500	0	0	0
Lom helseheim-dekontaminatorar	162 500	0	0	0
Edb-utstyr/programvare	248 000	0	0	0
Fleirbrukshall	0	0	400 000	20 000 000
Eggjalia industribygg-oppgradering	1 600 000	0	0	0
Garmo renseanlegg - rehabilitering	350 000	2 000 000	0	0
Leirmo renseanlegg - rehabilitering	350 000	2 000 000	0	0
Lom samfunnshus	960 000	0	0	0
Skiltplan-veg og gateadresser	100 000	100 000	0	0
Nytt tak -helseheimen	840 000	0	0	0
Garasje-ambulansestasjon	725 000	0	0	0
Omsorg og trygdebustader	300 000	2 800 000	5 700 000	0
Nytt helsesenter	0	19 700 000	0	0
Etableringslån	605 000	618 000	630 000	740 000
Avsett til kapitalfond-renter	200 000	200 000	200 000	200 000
Refusjon kapitalkostnader - Lom vidaregåande skule	330 000	330 000	330 000	330 000
Sum investering	7 108 000	27 748 000	7 260 000	21 270 000
Finansiering:				
Refusjon kapitalkostnader - husleige Lom vidaregåande skule	330 000	330 000	330 000	330 000
Omsorg og trygdebustader refusjon frå staten	0	800 000	1 600 000	0
Fleirbrukshall - refusjon frå staten	0	0	0	10 000 000
Bruk av lån	3 766 000	21 200 000	3 280 000	6 000 000
Bruk av disposisjonsfond	700 000	0	0	0
Bruk av ubundne kapitalfond	120 000	0	0	0
Overføring frå driftsrekneskapen	1 673 000	918 000	830 000	940 000
Overført frå drift - momskompensasjon	519 000	4 500 000	1 220 000	4 000 000
Sum finansiering	7 108 000	27 748 000	7 260 000	21 270 000

Flyktningebustad

Det vert lagt opp til investering i flyktningebustad kr. 1 250 000, finansiert med tilskot frå Husbanken (20%) og resten med lån. Dette skal dekkast inn gjennom husleige.

Det vert vist til handsaming i Kommunestyret av sak om mottak av flyktningar. Tiltaket er ikkje innarbeidd i budsjettet, men vil bli lagt opp til å vera sjølvfinansierande.

3.2 Driftsbudsjett

	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Justert budsjett 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Driftsinntekter							
Brukarbetalingar	6 198 746	6 565 100	6 380 250	6 779 500	6 784 500	6 784 500	6 784 500
Andre sals- og leigeinntekter	29 497 620	14 347 000	31 462 000	30 677 000	28 484 000	29 426 000	29 207 000
Overføringar med krav til motyting	28 458 285	21 869 681	22 864 237	22 623 488	26 736 306	23 456 306	26 236 306
Rammetilskott	44 865 373	45 152 000	47 424 000	52 395 000	53 018 000	53 171 000	53 171 000
Andre statlege overføringar	214 700	0	0	2 656 862	2 375 862	2 375 862	2 375 862
Andre overføringar	4 083 001	18 445 100	2 133 100	1 654 600	1 654 600	1 654 600	1 654 600
Skatt på inntekt og formue	36 672 024	40 568 000	37 193 000	40 026 000	40 026 000	40 026 000	40 026 000
Eigedomsskatt	2 831 847	2 768 000	2 768 000	2 873 800	2 873 800	2 873 800	2 873 800
Andre direkte og indirekte skattar	3 703 851	3 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000
Sum driftsinntekter	156 525 447	153 214 881	153 724 587	163 186 250	165 453 068	163 268 068	165 829 068
Driftsutgifter							
Lønsutgifter	82 910 206	86 797 300	89 461 500	94 986 872	94 900 772	94 933 272	94 909 772
Sosiale utgifter	16 840 921	19 838 488	20 219 248	22 078 539	22 431 835	22 449 858	22 449 964
Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjon	22 912 467	21 646 900	24 627 910	23 359 224	23 201 024	23 226 024	23 201 024
Kjøp av tenester som erstattar tenesteproduksjon	11 725 519	13 876 350	15 273 450	10 013 862	9 554 612	9 648 612	9 633 612
Overføringar	12 002 209	10 029 587	13 282 553	9 964 474	7 875 474	7 875 474	7 875 474
Avskrivningar	7 468 222	7 468 000	7 468 000	8 011 921	8 011 921	8 011 921	8 011 921
Fordelte utgifter	0	0	0	-47 905	-47 905	-47 905	-47 905
Sum driftsutgifter	153 859 545	159 656 625	170 332 661	168 366 987	165 927 733	166 097 256	166 033 862
Brutto driftsresultat	2 665 902	-6 441 744	-16 608 074	-5 180 737	-474 665	-2 829 188	-204 794
Finansinntekter							
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	14 104 626	13 439 000	14 910 000	15 679 000	14 979 000	14 979 000	14 979 000
Mottatte avdrag på utlån	167 809	250 000	120 000	120 000	250 000	250 000	250 000
Sum eksterne finansinntekter	14 272 434	13 689 000	15 030 000	15 799 000	15 229 000	15 229 000	15 229 000
Finansutgifter							
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	5 925 139	6 725 000	7 085 000	7 582 300	7 641 000	7 741 000	7 468 600
Avdragsutgifter	6 259 281	6 920 000	6 920 000	6 830 700	7 479 700	7 457 700	7 621 700
Utlån	182 480	180 000	110 000	110 000	180 000	180 000	180 000
Sum eksterne finansutgifter	12 366 900	13 825 000	14 115 000	14 523 000	15 300 700	15 378 700	15 270 300
Resultat eksterne finanstransaksjonar	1 905 534	-136 000	915 000	1 276 000	-71 700	-149 700	-41 300
Motpost avskrivningar	7 468 222	7 468 000	7 468 000	8 011 921	8 011 921	8 011 921	8 011 921
Netto driftsresultat	12 039 658	890 256	-8 225 074	4 157 184	7 515 556	5 083 033	7 815 827

Økonomiske oversikter

Driftsbudsjett (held fram)	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Justert budsjett 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012
Interne finanstransaksjonar							
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk	8 711 933	0	7 896 786	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	3 638 110	804 744	7 480 574	100 000	0	0	0
Bruk av bundne fond	5 960 884	3 872 000	6 347 500	3 005 656	3 005 656	3 005 656	3 005 656
Bruk av likviditetsreserve	0	0	0	0	0	0	0
Sum bruk av avsettingar	18 310 927	4 676 744	21 724 860	3 105 656	3 005 656	3 005 656	3 005 656
Overført til investeringsrekneskopen	4 231 844	1 783 000	1 819 000	2 192 000	5 418 000	2 150 000	4 940 000
Dekking av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk	0	0	0	0	0	0	0
Avsettingar til disposisjonsfond	10 806 912	50 000	6 946 786	486 840	689 212	1 524 689	1 467 483
Avsettingar til bundne fond	7 415 043	3 734 000	4 734 000	4 534 000	4 364 000	4 364 000	4 364 000
Avsettingar til likviditetsreserven	0	0	0	0	0	0	0
Sum avsettingar	22 453 799	5 567 000	13 499 786	7 212 840	10 471 212	8 038 689	11 771 483
Rekneskapsmessig meir/ mindreforbruk	7 896 786	0	0	0	0	0	0

3.3 Utvikling i lånegjeld

Utvikling i lånegjeld 2009 – 2012 (tal i tusen kroner)	Inng. gjeld	2009	2010	2011	2012	Utgående gjeld 2012
Nye lån	125 033	2 788	21 200	3 280	6 000	
Avdrag løpende lån		7 367	7 498	7 407	7 533	
Avdrag nye lån		70	600	682	832	
Utgående gjeld		120 384	133 486	128 677	126 312	126 312

3.4 Fondskapital

Fondskapital – 2009 – 2012 (tal i tusen kroner)	Inngående balanse	2009	2010	2011	2012	Utgående balanse
Disp.fond	1 687		978	1 814	1 756	5 922
Avsett drift/disponert		-313				
Heimfallsfond	8 737					9 237
Avsett drift		125	125	125	125	
-Inv.budsjett		-	-	-	-	
- Refusjon tomtosal						
Næringsfond	2 269					5 637
-Driftstiltak		-2 717	-2 717	-2 717	-2 717	
-Avsett drift		3 559	3 559	3 559	3 559	
Kapitalfond	3 295					5 295
-Inv.budsjett, bruk av ub.kap.fond		-120	-	-		
-avsetjing		530	530	530	530	
Totalt	15 988					26 091

3.5 Bruk av næringsfond

Bruk av næringsfondet	2009	2010	2011	2012
Regionråd	-552 000	-552 000	-552 000	-552 000
Tiltaksarbeid	-555 302	-555 302	-555 302	-555 302
Reiselivog turistverksemd	-650 000	-650 000	-650 000	-650 000
Servicenæring	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Lom veksthus	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Landbruk	-632 000	-632 000	-632 000	-632 000
Landbrukskontor	-37 354	-37 354	-37 354	-37 354
Private vegar	-80 000	-80 000	-80 000	-80 000
Elveforbygging	-60 000	-60 000	-60 000	-60 000
T o t a l t	-2 716 656	-2 716 656	-2 716 656	-2 716 656

4 Formannskapet - første behandling

4.1 Behandling

Leiar i budsjettutvalet, Håkon Kolden, orienterte frå budsjettutvalet.

Forslag frå budsjettutvalet:

Barnehagen får ei auke i si ramme på kr. 380 000. I tillegg kjem inntekter frå brukarbetaling på kr. 100 000. Tiltaket blir finansiert frå disposisjonsfond.

4.2 Vedtak

Som innstillinga frå budsjettutvalet med slikt tillegg:

Barnehagen får ei auke i si ramme på kr. 380 000. I tillegg kjem inntekter frå brukarbetaling på kr. 100 000. Tiltaket blir finansiert frå disposisjonsfond.

Samrøystes.

5 Formannskapet - andre behandling

5.1 Vedtak

Som forslag frå formannskapet i behandling den 25.11.2008.

Samrøystes.

6 Kommunestyret sitt vedtak

6.1 Saksprotokoll i Kommunestyret 17.12.2008

Behandling

Ordførar gjekk gjennom uttalene som har kome til budsjettsaka.

Forslag frå Senterpartiet ved Odd Arne

Kroken:

Styrke ramma til Helse og velferd med kr 25.000 – øyremerka friviljugsentralen. Finansiering frå disposisjonsfondet.

Forslag frå Arbeiderpartiet ved Anne-Lise

Marstein:

Tilskudd til private vegar kr 80.000. AP foreslår øyremerking av dette beløpet til minstepensjonistar (behovsprøving).

Styrking av heimebasert omsorg. Sak: Evaluering av Eggjalia Industribygg før bruk av avsett investering på 1,6 mill. til branntekniske tiltak etter pålegg. Fleirbrukshall. Avsette/flytte kr 400.000 frå 2011 til 2010 i økonomiplanen med intensjon om å arbeide inn i andre tiltak. Samlokalisering eks. redningsstasjon, ambulansestasjon, helsesenter, arbeidssenter, fysioterapitenester, ergoterapi, tilrettelegging av funksjoner som kan koble inn den vidergående skolen.

Votering:

Det vart først votert over framlegget frå Senterpartiet ved Odd Arne Kroken. Framlegget vart samrøystes vedtatt.

Punkt 2
Tre røysta for framlegget. Fjorten røysta mot framlegget. Framlegget falt.

Det vart deretter votert over framlegget frå Arbeiderpartiet v/Anne-Lise Marstein punkt for punkt.

Punkt 3
Seks røysta for framlegget. Elleve røysta mot framlegget. Framlegget falt.

Punkt 1
Tre røysta for framlegget. Fjorten røysta mot framlegget. Framlegget falt.

Det vart deretter røysta over resten av budsjettframlegget frå formannskapet. Dette vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Som forslaget frå formannskapet, men med tillegg av forslaget frå Senterpartiet ved Odd Arne Kroken.

7 Overordna styringssignal og utvikling

7.1 Hovudpunkt i forslaget til statsbudsjett

Frå statsbudsjettet:

”Regjeringens budsjettforslag for 2009 innebærer en reell vekst i kommunenes samlede inntekter på 8,4 mrd. kroner, tilsvarende 3,0 pst. Kommunesektorens frie inntekter anslås å øke med 4,66 mrd. kroner, tilsvarende 2,3 pst. Veksten er regnet i forhold til det nivået på kommunesektorens inntekter

i 2008 som ble lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett 2008. Regnet i forhold til anslag på regnskap for 2008, der det tas hensyn til at skatteanslaget for 2008 er justert opp, innebærer Regjeringens forslag en reell økning i de samlede inntektene på om lag 7,3 mrd. kroner og en reell økning i de frie inntektene på 3,5 mrd. kroner.”

7.2 KS si uttale til statsbudsjettet

Frå KS si pressemelding om statsbudsjettet:

”- Realinntektene vil vokse neste år, og veksten kommer i større grad som frie inntekter. Regjeringen har tatt hensyn til signalene fra kommunesektoren. Likevel vil mange ha større forventninger til kommunene enn det budsjettet legger opp til, sier KS-leder Halvdan Skard.

KS har tidligere pekt på at det er behov for en vekst på seks milliarder kroner i frie inntekter (skatt og rammetilskudd) for å bringe balanse i kommuneøkonomien neste år. Nå øker kostnadene i 2008 mer enn forutsatt. Regjeringen tar til en viss grad høyde for det når de bevilger 4,66 mrd. kroner.

- Dette kan gi rom for en nødvendig vekst i aktiviteten. Budsjettoplegget for kommunene neste år betyr at det bør være mulig å fortsette den positive utviklingen med flere ansatte i pleie- og omsorgssektoren. Det blir også rom for økt lærertetthet, 1000 flere barn i barnehage og ekstra fysisk aktivitet i skolen. Dette kommer på toppen av en sterk

øremerket satsing på områder som barnehager og psykisk helse de siste årene, sier Skard.

- Kommunene bør likevel prioritere å ha balanse i økonomien og sette av tilstrekkelige midler til vedlikehold, sier Halvdan Skard.

